

Ny kommune - eit halvt år igjen til det er avgjort -Kva veg skal Skodje kommune gå?

Dette skal skje fram til juni 2016:

Januar: Skodje kommunestyre må innan utgangen av januar ta eit retningsval. Dette betyr å vedta kven vi skal starte forhandlingar med.

Februar: Skodje kommune skal forhandle med nabokommunane om korleis den nye kommunen skal organiserast og driftast.

April: Forhandlingane skal munne ut i intensjonsavtalar. Desse intensjonsavtalane skal høyrast i befolkninga. Skodje kommunestyre har ikkje tatt stilling til korleis folket skal høyrast. Valet står mellom innbyggjarundersøking eller folkeavrøysting. Dette skal skje i april / mai.

Juni: Kommunestyret vedtek ny kommunestruktur.

Kva er folk i Skodje opptekne av?

I folkemøtet 19. september kom det fram ulike meiningar og spørsmål kring temaet kommunereform. Nokre av desse tema er forsøkt belyst på ein kortfatta måte her:

Økonomi:

Det er viktig å minne om at reforma har eit 40-50 års perspektiv. Fakta kring dagens økonomi er dermed berre eit «augneblikkbilete» som fort kan snu. Økonomi er likevel eit område innbyggjarane våre er opptekne av knytt til reformarbeidet.

Til høgre er ei oversikt over nokre nøkkeltal knytt til kommunane på Sunnmøre.


Det ligg mykje informasjon bak desse tala som sjølvsagt ikkje kjem fram i denne tabellen. Andre viktige nøkkeltal for økonomi kan vere fondsgrad (sparepengar), verdier i selskap og i bygningsmasse. Framtidige investerings- og vedlikehaldsbehov påverkar også det samla biletet. For spesielt interesserte kan ein finne litt meir informasjon om dette i utgreiningane som ligg tilgjengeleg på våre heimesider. Eit anna finansielt nøkkeltal er kommunane sine frie inntekter. Her har Skodje kommune over år hatt lågare frie inntekter per innbyggjar enn dei fleste kommunane på Sunnmøre.

Ein ny inntektsmodell er òg under utarbeiding. Denne veit vi ikkje så mykje om enno, men signala er at små kommunar i framtida vil få trongare kår.


Frå Kommuneproposisjonen 2015:

- «Dagens inntektssystem legger til grunn at smådriftsulemper er en ufrivillig kostnad for kommunene, og at denne kostnaden kompenseres fullt ut».
- «Behandlingen av smådriftsulemper vil bli vurdert som ett av flere elementer i den samlede gjennomgangen av inntektssystemet i lys av kommunereformen.»

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter 2014



Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter 2014



Tenestene til innbyggjarane

Innbyggjarane våre er opptekne av lokalisering av skular, barnehagar og omsorgstilbod. Dei fleste ønskjer kort avstand til desse. Dei fleste kvardags-tenestene vil også i framtida liggje der folk bur. Men også i dag må kommunane balansere og vurdere lokalisering opp imot økonomisk evne, og evne til skape fagmiljø som ikkje er for sårbare. Mange er opptekne av at administrasjonen må vere lett tilgjengeleg. Utviklinga er likevel slik at færre og færre oppsøker rådhuset. Stadig fleire tenester vert løyst gjennom digitale løysingar uavhengig av avstand. For mange er likevel den direkte kontakten noko ein opplever som fleksibelt og lite byråkratisk. Sentralisering og auka byråkrati er ein opplevd trussel for mange.

Demokrati

Skodje kommune inngår i over 30 ulike interkommunale samarbeid. I dag og i framtida vil vi vere enno meir avhengig av å samarbeide med andre. Oppgåvene vert fleire og meir komplekse, dette krev spesialkompetanse og ein viss storleik på fagmiljøa som vi ikkje evner å etablere åleine. Innbyggjarane våre merker nok ikkje så mykje av dette. Basistenestene får ein uansett der ein bur.

I eit demokratisk og styringsmessig perspektiv er dette likevel ei utfordring.

Med tanke på at det er eit stadig aukande behov for interkommunale samarbeid vil dette med andre ord gå utover både lokalpolitisk styring og handlingsrom. Politisk må ein ha eit bevisst forhold til dette då ei viktig oppgåve i ei kommune er å forvalte demokratiet.

På den andre sida er mange redde for at ei større kommune kan hindre eit levande lokaldemokrati gjennom at det vert færre politikarar som representerer den «gamle» kommunen. Dette treng ikkje å vere tilfelle. Nye modellar for nærdemokrati og innbyggjarinvolvering bør vere ein naturleg konsekvens av reforma. Dette kan sjåast på som like aktuelt uavhengig av ny kommune, då mange vil hevde at vi også i dag har utfordringar med å halde oppe det lokaldemokratiske engasjementet.

Samfunnsutvikling

Ei betre og meir samordna samfunnsutvikling er eitt av måla med reforma. Kommunane kan ikkje kvar for seg sikre ei god samfunnsutvikling. Kommunar er ofte, og Skodje spesielt, tett integrerte i andre kommunar. Store delar av Sunnmøre vert definert som ein tett integrert bu-, arbeids- og serviceregion. Vi forflyttar oss på kryss og tvers av kommunegrensene på veg til jobb, fritidsaktivitetar, handel og kulturopplevingar. Forflytningsmønsteret ber tydeleg preg av at dagens kommunegrensar ikkje samsvarar med kvar vi «lever» liva våre.

Dersom ein ser det som viktig å få vere med å påverke i det området ein oppheld seg i kvardagen, kan bu- og arbeidsmarknadsområde vere ein naturleg geografi å danne nye kommunar i. Det vil òg medføre ei meir heilskapleg samfunnsutvikling når det er eitt kommunestyre som skal ta hand om heilskapen. Eit anna argument som er nytta her er at Sunnmøre kan få meir «kjøttvekt» opp imot sentrale aktørar når det gjeld å bli prioritert i spørsmål knytt til td. vegprosjekt og i val av lokalisering av statlege arbeidsplassar.

Sterke byar er ein avgjerande faktor for vekst i ein region. At Ålesund har ei positiv utvikling er difor avgjerande for heile Sunnmøre. På den andre sida er Ålesund avhengig av nabokommunane i arbeidet med å vere ein motor. Omlandet har mange kvalitetar i form av areal, bumiljø, rekreasjonsmiljø og næringar som i samspel med byen sine urbane kvalitetar kan gjere Ålesundsregionen konkurransedyktig sett i samheng med andre regionar som Trondheim og Bergen. I dette biletet er det viktig å definere nivået av sentralisering. Nokre hevdar at endra kommunestruktur vil bidra til auka sentralisering. Andre hevder at ei kommunereform vil styrke regionen og hindre sentralisering mot andre regionar.

Erfaringar frå Danmark

Danmark gjennomførte ei omfattande kommunereform i 2006. I den norske debatten vert det ofte synt til denne reforma, og enkelte nyttar den som dokumentasjon på at ei kommunereform ikkje gjev den ønska effekt. Er dette rett, og kva for erfaringar gjer danskane seg i dag?

I Danmark vart 271 kommunar til 98 kommunar, og 14 fylke vart til fem regioner. I Danmark har ei gjennomsnittleg kommune i dag 55 000 innbyggjarar. Danskane legg ikkje skjul på at det har vore ei stor reform å gjennomføre, og den har bydd på mange utfordringar undervegs. I 2013 vart reforma evaluert og konklusjonen var at den har styrka den offentlege service, både økonomisk og fagleg, men at det er rom for forbedringar. Det er gjort justeringar på bakgrunn av denne evalueringa som vi i Noreg kan hente erfaringar frå til vår reformprosess.

Meir informasjon

På skodje.kommune.no finn du fakta om kommunereforma, samt rapportar knytt til dei ulike utgreiingane.